

# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystema i kontrollrom - Aktivitet 028000015 - Tilsynsrapport</b>	Aktivitetsnummer 028000015
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-3	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 20.12.2021

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Wintershall Dea si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på plattform Brage i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

## 2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

### 3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

### 4 Resultat

#### 4.1 Generelt

Wintershall Dea etablerte rutine for oppfølging av måltal for alarmsystema på Brage sommaren 2020. Selskapet kan likevel ikkje dokumentera systematisk oppfølging. Selskapet hadde mangelfulle vurderingar av perseptuelle og kognitive begrensingar inkludert den totale arbeidsbelastninga for kontrollromsoperatørane.

### 5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik:* Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

*Forbetringspunkt:* Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

#### 5.1 Avvik

##### 5.1.1 Manglande oppfølging av måltal for alarmsystema

###### Avvik

Wintershall Dea har ikkje oppfølging av måltala for alarmsystema.

###### Grunngjeving

Wintershall Dea kan ikkje dokumentere at dei følgjer dokumentet *Analysis of alarms in the central control room* som inneheld måltal for alarmsystema. Dette dokumentet vart gitt ut i august 2020. Det er ikkje gjort jevnlig gjennomgang av alarmbelastninga. Desse forholda er ikkje i samsvar med kravet om at alarmer skal gis slik at dei kan oppfatast og handsamast på den tida som krevjast for sikker betjening av utstyr, anlegg og prosesser.

###### Krav

*Styringsforskrifta § 8 om Interne krav*

*Innretningsforskrifta § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon*

## 5.1.2 Mangelfull analyse av arbeidsmiljøet i kontrollrommet

### Avvik

Wintershall DEA hadde ikkje samla inn relevant data og utført nødvendige analyser som sikrar forsvarleg arbeidsmiljø og gir støtte ved val av tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysningar.

### Grunngjeving

Wintershall Dea hadde ikkje dokumentert at dei har gjennomført vurderingar av den totale arbeidsbelastninga inkludert kognitive og perseptuelle begrensingar.

Det er gjort WEHRA kartlegging i 2021 men det er ikkje gjort greie for kva kartlegging og vurderingar som ligg til grunn for risikosetting. WEHRA er ei grovkartlegging og erstattar ikkje fagleg detaljert kartlegging og risikovurdering av arbeidsmiljøet.

Det var mangelfull innsamling av data som gav støtte til å kunne vurdere den totale arbeidsbelastninga i kontrollrommet, ref. avvik 5.1.1

### Krav

*Styringsforskrifta § 18 om analyse av arbeidsmiljøet*

*Styringsforskrifta § 19 om Innsamling, bearbeiding og bruk av data, jf.*

*Aktivitetsforskriften § 33 om tilrettelegging av arbeidet*

## 6 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

## 7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Brage Læring på Jobb SKR. Pdf
- BRA-SD-0054\_01M\_001 – Verifisering SKR Brage.pdf
- BRA-SO-0027 02M 001 Overbroing utkobling undertrykking blokkering av NAS PAS og brann og gass Brage.pdf
- BRA-TR-0029 01M 001 – Performance standard no 22 – HMI and alarm management.pdf
- BRA-TR-0031 01M 001 Alarm System Brage.pdf
- BRA-TR-0032 01M 001 – SAS Operator station HMI Brage.pdf
- ID377 – analysis of alarms in central control room – wintershall Dea.pdf
- Kompetanseprofil Prosess.pdf
- NonConformance NCR-21-0186.pdf

- SAS operator station HMI guideline – BRA-GL-0005\_01M\_001.pdf
- WEHRA kontrollrom2021-06.xls
- Svar på spørsmål til dokumentasjon vedr tilsyn med Wintershall Dea sitt ansvar kompetanse og vedlikehold.pdf
- Samlepresentasjon - Alarmhåndtering kontrollrom.pdf